

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
 Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no
 Heimeside: www.lindas.kommune.no
 Kartside: www.nordhordlandskart.no
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

A&R Rune Urne

Mårdalen 37
 5236 RÅDAL

Dykkar ref.**Sakshandsamar:**

Benjamin Hicks

Vår ref.2009/979 - 0 -
11521/2012**Telefon**

56375000

Arkivkode:

137/361

Dato:

10.05.2012

*Delegert sak***Igangsettjingsløyve - gbnr 137/361 Alver - bustad**

Arbeid godkjent i rammeløyve av 07.07.2009 vert nå tillete sett i gong. Følgjande vilkår vert sett:

- Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg må vere godkjent før røyrleggararbeidet vert sett i gong.
- Avfallsplanen må vere sendt inn til kommunen for godkjenning før bygging over grunnmur.

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 23-4 til 23-6 vert søknad om ansvarsrett med funksjonar og ansvarsområde som skildra under avsnittet «Ansvar og kontroll» godkjent

Ansvarlege føretak skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med lov og regelverk samt godkjente kontrollplanar. Arbeid må ikkje utførast utover det som er omfatta av igangsettingsløyvet.

Plan- og bygningstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søkjar formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett ved rammeløyve:

Rolle	Arbeidsområde	Godkjent føretak
SØK		A & R Rune Urne
PRO/KPR	Arkitektur, T2	A & R Rune Urne (L)(K)

Ved søknad om igangsettingsløyve vert også ansvarsrett godkjent for:

Rolle	Arbeidsområde	Godkjent føretak
PRO/KPR	Røyrleggararbeid, T1	931442295 AS Haugland VVS (S)(K...)
UTF/KUT	Røyrleggararbeid, T1	931442295 AS Haugland VVS (S)
UTF/KUT	Plassering bygg, T1	986448551 Medaas Oppmåling (L)
UTF/KUT	Grunn- og sprengingsarbeid, T1	937664044 Alversund Maskinstasjon AS (S)
UTF/KUT	Betongarbeid, T2	989482920 H. Sandvik AS (S)
UTF/KUT	Tømrararbeid, T1	956568064 Fyllingsnes Snikkarverkstad (L)

Kommunen gjer merksam på at det er sendt inn samsvarserklæring og ikkje kontrollerklæring for funksjonen KPR. Det er vidare levert søknader der kontroll funksjonen ikkje er skildra. Ein legg til grunn at føretaka også søker om kontroll i desse tilfelle. Slik vi forstår "samsvarserklæringen" skal røyrleggararbeidet vere i samsvar med TEK 10.

Vi gjer merksam på at gamle skjema er framleis tilgjengelege på www.dibk.no.



Plassering og høgdeplassering

Høgdeplasseringa vert godkjent til sokkelhøgde kote 48,3, jf pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i samsvar med dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjelder toleransegrenser for områdetype 1 jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Tiltakets plassering skal koordinatbereknast, før utsetting av hushjørnet på tomta.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggjast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	tall	Beløp
Tilleggsgebyr	1	2.600
Totalt gebyr å betale		2.600

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Benjamin Hicks
rådgjevar

Kopi til:
Runar Hilland Ikenberget 43 5911 ALVERSUND